

# Referat frå foreldremøte på 4. steg

12.09.2023

Elevar representert: 13

Elisabeth er kontaktlærar

Charlotte er faglærar og er med i alle timane

Karoline, Gerd og Janicke er fagarbeidaranar

Føresette deltok på ein helse og byte namn-leik.

## **Klassemiljø, trivsel, daglege rutinar og reglar**

Dei vaksne jobbar mykje med å skape eit godt miljø og har ofte sosialtrening. Vi har daglege rutinar som elevane har blitt flinke til å halde. Om morgonen har dei lesekvarter som vert etterfølgjt av fellessong før undervisning. Vi har delt ordenselevoppgåvene opp i 10 oppgåver der elevane vert trekt og veljer sjølv kva dei kan hjelpe til med.

Vi har varierte oppgåver med fokus på aktiv læring. 1-2 timer i veka går vi i gymsalen og rører på oss samstundes som elevane arbeider. Elevane blir delt i to grupper tysdagar og torsdagar. I garderoben har vi alltid ein vaksen i overgongane. Vi snakkar mykje om klassereglane og har dei synleg i klasserommet. Dette skuleåret har vi også valt å dele opp uteskuledagen på måndag og fredag for å få meir fokus på faglege oppgåver. Då er det viktig at elevane har gode uteklede.

## **Sosial kompetanse**

Vi arbeider heile tida med sosiale ferdigheter på 4. steg. Å samarbeide, å lytte til andre, å vere ein god læringsvenn, å følgje klassereglar og å vente på tur er noko av det vi har snakka om i haust. Vi bruker Mitt val og leikar når vi øver.

På skulen har vi leiketime kvar tredje tysdag og i storefri har det opna ei *hjelpesone* der elevane kan få trøyst eller hjelp. Dette rommet har elevane tilgong til utanfrå, og det er ein vaksen der som dei kan snakke med.

## **Forventningsavklaring**

Føresette tenkte først over forventningar individuelt, så i grupper også gjekk vi gjennom det felles etterpå.

## **Føresette sine forventningar til skulen:**

- at skulen er ein trygg og god plass
- låg terskel for kommunikasjon
- tar kontakt med føresette ved endra atferd
- god kommunikasjon
- at barna lærer det dei skal
- at skulen lar elevane vere med å bestemme og hjelper dei til å bli sjølvstendig
- tar barna på alvor

**Heimen sine forventningar til barna:**

- at dei respekterer andre, både vaksne og barn
- at dei følgjer reglar og høyrer på beskjedar
- at dei hjelper andre
- at dei deltar fagleg og sosialt
- at dei bidrar til eit godt miljø

**Skulen sine forventningar til heimen:**

- framsnakke skulen
- at føresette følgjer opp
- at barna har spist frukost før dei kjem på skulen
- at føresette les læringsplanen
- hjelper elevane med å hugse utstyr, mat og det dei treng
- meldingar i Transponder må bli sendt før 08:00. Viss ikkje må ein ringe skulen.
- at ein tar kontakt med skulen viss det har skjedd noko som kan påverke barnet

**Val av klassekontakt:**

Kari Ann Midtveit er klassekontakt og FAU-representant. Anne Mette Telle er vara.  
Føresette avtalte å planlegge sosialkveld via Facebookgruppa og gje beskjed til kontaktlærar når tidspunkt er klart.

Referent: Elisabeth Lie